

Kvartalsrapport for

3. kvartal 2018



Valle Sparebank

Delårsrapport 3. kvartal 2018

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapen for 2017. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.09.18 er forvaltningskapitalen på 1.661,3 mill. kroner. Dette er ein auke på 115,7 mill. kroner, eller 7,5 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.09.18 på 1.415,3 mill. kroner, som er ein vekst på 71,6 mill. kroner, eller 5,3 % i forhold til samme tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 72,8 mill. kroner eller 5,4 % i forhold til 01.01.18. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 661,1 mill. kroner, ein auke på 92,4 mill. siste 12 månadar. Total utlånsending (eigen balanse og EBK) er 8,6 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.09.18 på 1.176,4 mill. kroner, som er ein auke på 82,6 mill. kroner, eller 7,6 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekkjer 83,1 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstall 81,4 %. Det har vore ein auke i innskot på 14,5 mill. kroner eller 1,2 % sidan 01.01.18.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 11,9 mill. kroner, mot eit overskot på 5,3 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 9,3 mill. kroner, mot eit overskot på 4,5 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 21,4 mill. kroner, som er 0,3 mill. kroner lågare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,76 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,89 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 7,8 mill. kroner, som er ein auke på 0,6 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 18,0 mill. kroner mot 19,8 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 13,6 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 14,0 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjer ei inntekstføring på 0,73 mill. kroner, mot ein kostnad på 3,8 mill. kroner til same tid i fjor.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 171,1 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal 2018. Dette gir ei kapitaldekning på 20,78 % uten at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert med Eika Gruppen og Eika Boligkreditt er kapitaldekninga 19,3%.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utlån til personmarknaden utgjer 1.245 mill. kr (1.186,7 på same tidspunkt i fjor) eller 88 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjer 170,2 mill. kr (157 på same tidspunkt i fjor) eller 12 % av samla utlån i eigen balanse. LCR pr 31.9.18 er 145.



Utsikter for resten av året



Rentemarginen har minka i høve til på same tid i fjor på grunn av konkurransesituasjonen og høgare likviditetsreserve. Styret forventar at rentemarginen vil auke marginalt ut året. Likviditetssituasjonen er betryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.



Utlånsauken har så langt i år vore om lag som budsjettert og men kundeveksten har vore god. Styret forventar framleis hard kamp om kundane framover, men er svært nøgde med at satsinga med bemanna rådgjevarkontor to dagar i veka i Vennesla har vore så vellukka. Styret forventar jamn utlånsvekst ut året.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.

Valle, 30. oktober 2018


Jostein Rysstad
(styreleiar)

Geir Olav Uppstad


Olav K. Mosdøl
(nestleiar)

Gro Haatveit


Anne Gjerden

Vidar H. Homme
(Adm. banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i heile tusen

30.09.17	31.12.17	30.09.18		30.09.18	31.12.17	30.09.17
2,85 %	2,85 %	2,75 %	Renteinntekter og liknande inntekter	33.404	43.837	32.679
0,96 %	0,96 %	0,99 %	Rentekostnader og liknande kostnader	12.052	14.834	11.031
1,89 %	1,88 %	1,76 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	21.352	29.003	21.648
0,19 %	0,14 %	0,16 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.943	2.186	2.186
0,51 %	0,54 %	0,57 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	6.877	8.316	5.805
0,11 %	0,11 %	0,11 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	1.291	1.687	1.272
0,04 %	0,02 %	0,01 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmi	178	337	403
0,01 %	0,01 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	139	208	157
0,64 %	0,61 %	0,65 %	Sum andre driftsinntekter	7.846	9.360	7.279
1,22 %	1,26 %	1,12 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	13.583	19.357	13.978
0,03 %	0,03 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	374	498	344
0,48 %	0,45 %	0,33 %	Andre driftskostnader	4.049	6.930	5.486
1,73 %	1,74 %	1,48 %	Sum andre driftskostnader	18.006	26.785	19.808
0,80 %	0,75 %	0,92 %	Driftsresultat før tap	11.192	11.578	9.119
-0,33 %	-0,40 %	0,06 %	Tap på utlån, garantiar m.v.	725	-6.097	-3.797
0,00 %	0,23 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmid	3	3.579	0
0,46 %	0,59 %	0,98 %	Resultat av ordinær drift før skatt	11.920	9.060	5.322
0,07 %	0,08 %	0,21 %	Skatt på ordinært resultat	2.600	1.195	794
0,40 %	0,51 %	0,77 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	9.320	7.865	4.528

Balanse

Beløp i hele tusen

Eigedelar	30.09.18	31.12.17	30.09.17
Kontantar og fordringar på sentralbankar	31.616	24.768	25.226
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	16.030	70.808	5.879
Utlån til og fordringar på kundar	1.415.264	1.342.468	1.343.702
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-7.152	-7.774	-5.506
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.405.512	1.332.094	1.335.596
Overtatte eigedelar	0	0	0
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	126.558	108.282	107.325
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	58.698	49.347	48.759
Eigarinteresser i tilknytte selskap	0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle eigedelar	0	0	0
Varige driftsmidler	14.265	14.638	14.793
Andre eigedelar	1.318	572	1.906
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	7.288	6.325	6.120
Sum eigedelar	1.661.285	1.606.834	1.545.604

Gjeld og eigenkapital

Gjeld til kredittinstitusjonar	160.255	160.466	161.768
Innskott frå og gjeld til kundar	1.176.370	1.161.889	1.093.727
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	99.843	74.915	74.900
Anna gjeld	4.450	4.582	7.641
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	9.226	1.931	8.760
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	678	678	392
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.450.822	1.404.461	1.347.188
Opptent eigenkapital	201.143	202.373	193.888
Udisponert overskot	9.320		4.528
Sum eigenkapital	210.463	202.373	198.416
Sum gjeld og eigenkapital	1.661.285	1.606.834	1.545.604

Vilkårsette skyldnader	69.918	42.700	60.877
Skyldnader	61.317	57.212	58.330

Tap på utlån	30.09.18	31.12.17	30.09.17
Mislegghaldne lån:			
Brutto mislegghaldne lån:	69	10.702	13.712
Netto mislegghaldne lån:	69	7.702	13.576
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje mislegghaldne lån	12.981	11.674	15.899
Netto tapsutsette, ikkje mislegghaldne lån	5.828	7.336	10.529
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskriving på individuelle utlån og garantiar	-925	5.242	2.974
+ Periodens endring i nedskriving på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	0	577	532
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	208	311	311
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	-8	-33	-20
Periodens tapskostnader	-725	6.163	3.837

Kvartalsvis resultatutvikling (Tal i heile tusen)	3.kvartal 2018	2.kvartal 2018	1.kvartal 2018	4.kvartal 2017	3.kvartal 2017
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	11.599	10.997	10.808	11.158	11.222
Rentekostnader og liknande kostnader	4.037	4.044	3.971	3.803	3.756
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.562	6.953	6.837	7.355	7.466
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	1.924	19	0	55
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	2.230	2.379	2.268	2.511	2.239
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	435	429	427	415	470
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-55	146	87	-66	163
Andre driftsinntekter	35	52	52	51	73
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.505	4.588	4.490	5.379	4.473
Avskrivingar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	125	124	125	154	118
Andre driftskostnader	1.097	1.521	1.431	1.444	2.075
Resultat før tap og skatt	3.610	4.792	2.790	2.459	2.860
Tap på utlån, garantiar m.v.	-932	1.864	-207	-2.300	-555
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	3	0	0	3.579	0
Skatt på ordinært resultat	650	1.275	675	401	572
Resultat av ordinær drift etter skatt	2.031	5.381	1.908	3.337	1.733

Nøkkeltal	30.09.18	30.06.18	31.03.18	31.12.17	30.09.17
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,76 %	1,72 %	1,72 %	1,88 %	1,89 %
Driftsinntekter	0,65 %	0,76 %	0,50 %	0,61 %	0,64 %
Driftskostnader	1,48 %	1,53 %	1,52 %	1,74 %	1,73 %
Resultat for rekneskapsåret	0,77 %	0,91 %	0,48 %	0,51 %	0,40 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	6,19 %	7,30 %	3,85 %	3,89 %	3,12 %
Kostnader i % av totale inntekter	61,67 %	61,82 %	68,42 %	69,82 %	68,48 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	62,05 %	62,56 %	69,11 %	70,44 %	69,44 %
Tap i % av brutto utlån	-0,05 %	-0,12 %	0,02 %	0,45 %	0,28 %
Netto ansvarleg kapital	171.117	172.717	176.873	179.449	171.697
Kjernekapital	117.117	172.717	176.873	179.449	171.697
Tilleggskapital	0	0	0	0	0
Risikovekta balanse	823.290	799.163	811.063	826.288	807.538
Kapitaldekning i %	20,78 %	21,61 %	21,81 %	21,72 %	21,26 %
12 mnd forvaltningsvekst	7,48 %	4,57 %	6,98 %	6,72 %	9,82 %
12 mnd utlånsvekst	5,33 %	3,17 %	3,12 %	5,35 %	8,47 %
12 mnd innskuddsvekst	7,56 %	7,37 %	5,87 %	4,06 %	2,56 %
Innskudd i % av utlån	83,12 %	87,66 %	87,02 %	86,55 %	81,40 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.622.047	1.614.880	1.608.285	1.539.735	1.531.407
Antall årsverk	13,0	13,0	13,0	13,0	12,6